

# familiesida

• Ønsker du å glede nokon med ei helsing eller gratulere nokon med dagen?

• [annonse@fjordingen.no](mailto:annonse@fjordingen.no) eller send til Fjordingen, pb 248, 6781 Stryn. Ei helsing kostar 100 kroner.

• Fristen er kl. 12.00 to dagar før utgjevsdag. Husk fakturaadresse.

„En ung mann kan reglene, men en gammel kan unntakene.

Oliver Wendell Holmes

## namnedag

**Raimond/ Raymond** er engelsk og fransk og betyr klok beskyttelse

**Roy** er engelsk og betyr raud. Kan vere fransk og bety konge

## jubilantar

### Onsdag 5. november

95 år  
Milda Skarstein, Olden

85 år  
Sverre Torfinn Haugen, Hornindal

Eline Selma Lødemel, Hornindal

### Torsdag 6. november

85 år  
Isak Gjørven, Stryn

### Fredag 7. november

60 år  
Rune Harald Berstad, Stryn

### Laurdag 8. november

90 år  
Petra Berge, Oppstryn

### Tysdag 11. november

60 år  
Janne Karin Lillestøl, Hornindal

## Turnerer med folketonar frå fylket

Rett frå Japan og Bergen kirkeautonale kjem Unni Løvlid og Håkon Thelin på turne til Vestlandet med prosjektet LUX med folketonar frå fylket.

• **Sigrid Heggstad**  
[sigrid.heggstad@fjordingen.no](mailto:sigrid.heggstad@fjordingen.no)

Turneen starta i Bergen domkirke sist torsdag, og skal innom mange spelesstader på Vestlandet. Duoen kjem til Hornindal kyrkje torsdag 6. november.

Unni Løvlid er blant dei mest profilerte utøvarane innan folkemusikk, men sidan ho var student har ho også arbeidd med samtidsmusikk. Saman med Håkon Thelin gav ho i fjor ut CD-en LUX til gode kritikkar. «LUX, er både modig, utfor-



**Prosjekt Lux:** Unni Løvlid (folkesong) og Håkon Thelin (kontrabass) er på turne på Vestlandet i desse dagar, og kjem til Hornindal kyrkje torsdag 6. november. FOTO: PRESSE

drande og nådeløst vakker på same tid. Saman tar dei religiøse folketonar inn i heilt nye klanglandskap. Den nære formidlinga til Unni av dei ofte mørke og mektige religiøsefolketonane, blandar seg med samtidsmusikken sin klanglege utforskartrang. Tekstane er om det vesle mennesket, og om liv og død», heiter det i ei pressemelding frå prosjektet.

«Trass i Unni si ofte langsame og sanslege kommunikasjon

av teksten, forblir melodiane glødande, som om orda høyrer til på jorda og melodien strekkjer seg inn i en himmel fylt med lys. Og, for meg er det aller vakraste med songen til Unni, at eg alltid føler stemmen hennar i seg sjølv smiler og kaster varmt lys over tonen», skriv Håkon Thelin i omslagsteksten.

Turneen er i samarbeid med Norsk Kulturrådet og Folkeakademiet.

## Støtte til nynorske språkprosjekt

Kulturdepartementet har fordelt oppunder 4 millionar kroner til 16 ulike språkprosjekt. Førde kommune får 500.000 til å skape ein sterkare nynorskspråkleg identitet i lokalsamfunnet, Nynorsksektoret i Volda har fått 200.000 kroner til utvikling av ein forskingsbasert nynorskdidaktikk, Samlaget har fått 100.000 kroner til ein ny serie med lettlesne bøker, og Bondeungdomslaget i Oslo har fått 250.000 kroner til utvikling av det nye Nynorskens hus.

I skjeringspunktet mellom nynorsk og terminologi har Universitetsbiblioteket i Bergen fått 120.000 kroner til å utvikle nynorske realfagstermar, mens Nynorsk kultursentrum i Hovdebygda har fått 300.000 til utvikling av ein database for språkstatistikk. (NPK)

## Varmaste år sidan vikingtida

I år er det sett stadig nye varmekordar, og 2014 ligg an til å sette ein solid temperaturrekord.

I Bergen meiner ein klimaprofessor at det ikkje har vore varmare sidan vikingtida. Professor Helge Drange ved Bjerknessenteret for klimaforskning har analysert temperaturutviklinga basert på målingar Meteorologisk institutt har registrert ved sine stasjonar. Konklusjonen er soleklar:

– Gjennomsnittstemperaturen i Bergen i år har ikkje vore høgare sidan vikingtida, seier Drange til Bergens Tidende. Her har temperaturen hittil i oktober lege 2,2 grader over normalen. (NPK)



**Glade prisvinnarar:** Kjøkkensjef Bodil Fjellestad Eikrem (t.v.) og hotellsjef Terese Honningsvåg Kirkhorn ved Gloppen hotell er glade vinnarar av prisen for beste meny på norsk.

FOTO: ANDREA ØIEN SÆVERUD/NPK

## Heidra for norsk meny

Gloppen hotell på Sandane får heider for ein meny som er heilt på norsk.

Prisen «Norsk på menyen» er på 25.000 kroner og blir delt ut av organisasjonen Matmerk i samarbeid med Innovasjon Norge. Prispennarane var svært nøgde, og forklarar kva som ligg bak:

– Vi har berre lokale råvarer, og har egne bønder som leverer alt av kjøt til oss. Fisken får vi lokalt, og alt av bær, frukt og urter er lokalt, fortel kjøkkensjefen på Gloppen hotell, Bodil Fjellestad Eikrem, til Nynorsk pressekontor.

– Vi bur jo midt i spisskam-

meret i Gloppen, og kan peika ut av vindaug og vise kvar råvarene våre kjem ifrå, legg ho til. På hotellet er det ikkje berre innhaldet i menyen som er lokalt og norsk.

– Vi er opptekne av å bruke norske faguttrykk, ikkje franske. Viss bestemor kjem, skal ho vite kva ho et, seier Fjellestad Eikrem. På menyen er hotellet oppteken av å inkludere namnet på leverandørane. Då får dei ei stoltheit over det dei leverer, og hotellet får topp kvalitet, meiner kjøkkensjefen. Prispennarane ser no fram til å bruke prispengane på kursing og studieturar.

– Vi kan lære mykje av å reise rundt og sjå korleis andre driv, fortel Fjellestad Eikrem. (©NPK)

## 4H-klubbar kan få støtte

4H-klubbar rundt om i landet kan no få støtte til å vere med å markere Friluftsåret 2015.

4H Norge har nemleg fått støtte frå Miljødirektoratet til føremålet. No oppmodar organisasjonen klubbar over heile landet til å søkje om støtte til å vise fram naturmøteplassane sine gjennom opne arrangement for folk flest. Pengane frå direktoratet skal gå til å dekkje mat, materiell og utstyr. Søknadsfristen er 15. desember. (©NPK)